



**Det er ikkje berre i India Telenor har problem. Problema er store også på sjøkabelen mellom Stord og Bømlo og dei forplantar seg nå på fjerde døgnet til abonnentar både i Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Stord. SPAR i Uskedalen er mellom dei som er ramma og det beklagar leiinga sterkt sjølv om kundane tek ulempene med fatning.**

Med unntak av Master og Elektron kan ein nytta kort men ein må signera for kvar handel. Kortkort kan ikkje nyttast.

Heller ikkje kan ein ta ut kontantar og det har vore ein stor ulempe i denne konfirmasjonstida, påpeiker Gunn Mari Moberg.

Ho har hatt kontakt med Telenor og fått løfte om at alt skal vera normalt att på onsdag.

På biletet over er Moberg saman med kunde Trond Lekva Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

## Dessverre ingen kontantuttak.

- Betaling med bankkort går på reserveløysing med signatur.
- Kredittkort kan ikkje benyttast.

Beklagar dette sterkt!

## Telenor har problem med ein kabel,

Det rammar Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Stord. Dei arbeider med feilen.